

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for plan og næring

Møtedato: 05.02.2014

Sak nr.: 13/7259-13

Internt l.nr.: 4601/14

Sak: 15/14

Tittel: Omstillingsstatus og omstillingsløyving 2014

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 2 350 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. 450 000 kr av løyvinga er avhengig av at auken på 150 000 kr i det lokale finansieringsbidraget kjem på plass. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015. Omstillingsarbeidet skjer i eit samarbeid med Årdal kommune.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune ei løyving på inntil 3 440 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2012- og 2013- løyvingane vert godkjent overført til bruk i 2014.
6. Midlane i punkt 1,3 og 5 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar i 2014 og restmidlar omstilling frå 2013.
7. Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2.
8. Vilkår for omstillingsløyvinga
 - Det skal leggast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarsprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentleg støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren for næring sette fram slikt framlegg til nytt punkt 7:

Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2. Kr 1 mill av udisponerte midlar til prosjekt i 2014 vert øymerka prosjekt initiert av Årdal kommune.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren sitt framlegg med endring i punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 2 350 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. 450 000 kr av løyvinga er avhengig av at auken på 150 000 kr i det lokale finansieringsbidraget kjem på plass. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
- 4 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015. Omstillingsarbeidet skjer i eit samarbeid med Årdal kommune.
- 5 Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune ei løyving på inntil 3 440 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2012- og 2013- løyvingane vert godkjent overført til bruk i 2014.
- 6 Midlane i punkt 1,3 og 5 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar i 2014 og restmidlar omstilling frå 2013.
- 7 Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2. Kr 1 mill av udisponerte midlar til prosjekt i 2014 vert øymerka prosjekt initiert av Årdal kommune.
- 8 Vilkår for omstillingsløyvinga
 - Det skal leggast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarsprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentleg støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet